

Referat soknerådsmøte 15/10-19

Desse møtte: Nann Ingunn, Hildegunn, Dagfinn, Michelle, Anita, Frode, Rolf Arne, Bente, Marianne og Ingvar

Sakliste:

43/19 - Innkallinga og saklista er godkjent

44/19 - Referat frå siste møte er godkjent

45/19- Gudstjenesteliste:

- 3/11 Kl. 11.00 Helgemesse Vert: Dagfinn og Mari (Anita i reserve)
- 1/12 Kl.19.30 Lysmesse Vert: Nytt sokneråd
- 24/12 Kl.14.00 Julafta Vert: Nytt sokneråd

46/19- Ungdomsklubben:

- 30/10 Kl. 19-21 Vert?
- 27/11 Kl. 19-21 Vert?

Treng idear for å halde fram med klubben. Me har peng me kan bruke, men kan også søke om peng.

Skal soknerådet dekke maten? Belønning for å komme? Finne ein person som kan drive klubben, med litt lønn?

47/19- Evaluering av valet:

- Ingvar informerte om valet, repetisjon ifrå forrige møte
- Var tull med manntallslistene, men i Fresvik var det ok
- 57% som stemte, 74/130 med stemmerett, beste val% av innbyggjarane i kommunen
- 1 førehandsstemma
- Det nye soknerådet er:
Marianne Bøthun, Geir Ove Bøthun, Rolf Arne Olsen og Monica Haglund er faste medlemmar
- Vara er: 1. Bente Settevik 2. Vara er Frode Høgberg

- Monica Haglund er friteken frå sitt verv, så det nye soknerådet blir no slik:
Marianne Bøthun, Geir Ove Bøthun, Rolf Arne Olsen og Bente Settevik er faste medlemmar
- Vara er: 1. Frode Høgberg 2. Hans Ivar Bøthun 3. Ragnvald Sørdal Grov 4. Vegard Settevik Skogheim

48/19- Oppsummering av avtroppande sokneråd:

- Skrive innkalling med sakliste, stad, tid og dato.
- Skrive referat ifrå møte, vel ein skrivar
- Lage plakat over kyrkjetider m/ prest, offer, dato og klokkeslett, kven som er kyrkjeskyss.
- 2 Kyrkjevertar: Kyrkjevertane skal stå i døra og dele ut dagens plan, ha med blomstrar som skal stå framme i kyrkja, telje offer og skrive det ned, gje det og pengane til kasseraren. Telje kor mange som møter opp i kyrkja og skrive det i kyrkjeprotokollen.

- Ungdomsklubben- 1 eller 2 voksne (ansvar for å låne lokal, laga mat, rydda opp og låsa).
- Laga oversikt over ungdomsklubben og sende det heim til elevane/henge opp plakat.
- Anna kvart år: Be inn til 50- års konfirmant-treff. Neste treff 2020.
- Konfirmantar og ungdomsklubb- Fasteaksjon (innsamling) kvar vår.
- Felles overhøyring av konfirmantane i Vik, soknerådet er med å lagar til/lagar mat.
- Anna kvart år er det ikkje gudsteneste 24.12. Soknerådet har då hatt song og lese juleevangeliet. Lurt å be nokon vere forsangar, spele instrument eller at nokon av ungane/ungdommane syng.
- Fellesrådsrepresentant: Blir innkalla til møte i Vik, gir informasjon på soknerådsmøta og tek opp ting som skal vidare til fellesrådet i Vik.
- Svea- stemnet i slutten av august kvart år. Ta kontakt med Jostein Sveen i god tid og avtal lån av lokale. Ta også kontakt med Frelsesarmeens. Offeret denne dagen går alltid til dei.
- Dugnad på kyrkjegarden m/plakat og planta blomster ute i pottene ved kyrkja om våren før konfirmasjon/17. mai.
- Juletre i kyrkja- pynte det, legg julepynt i kyrkja

49/19: Ymse:

50/19- Nye soknerådet vel kven som skal gjera kva:

- Det nye soknerådet må kalle inn til eige møte og fordela oppgåver.

Neste møte blir: Det blir opp til det nye soknerådet, takk for meg

Skrivar: Michelle Bøthun Smedegård